



## Protokoll frå styremøte Suldal IL

Møtenummer: 01/2021

Dato: 26.04.2021

Tidspunkt: 20:00-21:30

Stad: Teams

Til stades: Elisabeth Steine (kasserar), Øyvind Gjuvsland (nestleiar), Helen Moen Gjuvsland (leiar), Kristine Bøe Berge (skrivars) Hege Hiim Steine (styremedlem), Eskil Nerheim (vara), Per Even Tjøstheim (gruppeleiar ski), Jon Bråtveit (gruppeleiar fotball), Sveinung Steine (gruppeleiar trim), Venke Olene Vaarvik (gruppeleiar økonomigruppa)

Forfall:

Andre til stades:

### Sak 01/21 Godkjenning av innkalling og saksliste

- Innkalling og saksliste godkjent utan merknadar.

### Sak 02/21 Godkjenning av protokoll frå sist styremøte

- Protokoll godkjent utan merknadar.

### Sak 03/21 Konstituering av hovudstyret

- Hovudstyret har konstituert seg på følgjande måte;
  - Leiar: Helen Moen Gjuvsland
  - Nestleiar: Øyvind Gjuvsland (inkl. politiattestansvarleg)
  - Skrivars: Kristine Bøe Berge
  - Kasserar: Elisabeth Steine
  - Styremedlem: Hege Hiim Steine (inkl. barneidrettsansvarleg)
  - Vara: Eskil Nerheim

### Sak 04/21 Orientering frå leiar v/Helen Moen Gjuvsland

- Allidretts-SFO starta opp onsdag etter påske med god oppslutning også dette året. Nytt av året er at ein gjennomfører for to grupper. I fjar hadde me tilbodet for 1.+2.klassingane, i år har me utvida til 3.+4.klassingane også. Det vert 10 onsdagar med Allidrett no i vår, med Jens som ansvarleg for gjennomføring også i år.
- *Etterskrift: Suldal Kommune ynskjer å få besia Gullinghuset i år. Styret er positive til å utføre dette som medlemsdugnad, for gode og naudsynte inntekter til laget.*

### Sak 05/21 Orientering frå kasserar v/Elisabeth Steine

- Elisabeth har utarbeidd liste over sponsorane. Sender denne til gjennomlesing til hovudstyre m/undergrupper.
- Rekneskapen er under arbeid og vert utsendt så snart denne er klar.

### Sak 06/21 Orientering frå fotballgruppa v/Jon Bråtveit

- Adidas sin kolleksjon har endra gulfarge og gått vekk ifrå svarte detaljar. Styret



Sak 06/21

### Orientering frå fotballgruppa v/Jon Bråtveit

- Sponsorar: Det er underteikna nye sponsoravtalar for 10 sponsorar til Suldalsgutane- og jentene 2021-2023 med totalt kr 75.000,- årleg. For 2021 er i tillegg Suldal Vekst med for å dekka inn trykkekostnadene for bruk av Skattkammeret Suldal-logoen.
- Skiltspisorar i Prestavikjo er fornøya. Pr nå kr 34.000,- pr år. Håpar på stadige tilskot her etter kvart.
- Drakter: Suldalsgutane- og jentene må på grunn av nye og endra sponsorar ha nye drakter. G13, J13, J14 og J15 får nye drakter som er underveis på trykking. Umbro. Suldalsgutane- og jentene har også høve til å kjøpa nye, blå treningsdrakter. Umbro. Er bestilt og er til trykking.
- Tanken bak Suldalsgutane- og jentene har vore at dei skal ha god rabatt på treningsklede grunna høg sponsorinntekt. Med både speledrakter og treningstøy til innkjøp i år, må idrettslaga vera budd på ekstra innskot i år. Dette er varsle til budsjettet.
- Medlemmer i Suldal IL har hatt høve til å bestilla nye svarte/gule treningsdrakter frå Umbro.
- Trenarar er innvilga ekstra rabatt på treningsklede for arbeidet dei gjer. Det blir litt utgifter på dette.
- Suldalsserien startar opp 6. juni. Haugil IL er arrangør. Miniknott, knott og lilleputt spelar som vanleg torsdagar. Ungdomsskulen spelar to helger, ei i Prestavikjo og ei på Sand. Suldal IL har med 9 lag, 86 spelarar og 12 trenarar.
- Seniorane har trent x2 per veke sidan februar med korona-trening, men nedslåande melding etter siste gjennopningsplan må ein gå ned til x1 trening per veke. Seniorane må venta til trinn 3 i gjennopningsplanen før ein får spela seriekampar, håpar på å starta halv serie i haust. Ikkje meldt om spelarar som har slutta grunna under koronaperioden, men fotballgruppa melder om at det vert spanande å telja opp når ein opnar opp att.
- Suldalsgutane og jentene har trent frå januar med full kontakt og bra oppmøte. Er klar for å få spela kampar. Seriestart blei først flytta frå midt i april til 10. mai. Gjennopningsplanen for kamp er tidlegast 28. mai. Det er opna for treningskampar mot nabokommunar når trinn 2 i gjennopningsplanen blir sett i verk. Har meldt på to G13-lag, J14, J15 og G16. 10 trenarar og 62 spelarar.
- Trenarar er rapportert til politiattestansvarleg.
- Ein må pårekna kampvertar til kampar i Prestavikjo også i år for å halde oversikt over kven som er tilstades, dette grunna korona.
- Nye påbod gjer også til at idrettslaget må få på plass granulatinnsamlarar ved inngongane til banen. Påbodet kjem i juli 2021. Jon tek ansvar for framdrifta på dette.

Sak 07/21

### Orientering frå skigruppa v/Per Even Tjøstheim

- Skigruppa hadde før påske avslutning for alle gruppene etter ein veldig spesiell sesong. Skitreiningane har tross koronarestriksjonar vore gjennomført tilnærma normalt med bra oppmøte og gode skiforhold på heilt ny kunstsnø! Det har vore totalt 40-45 aktive løparar denne sesongen.
- Ein måtte i år, grunna korona, dela opp den tradisjonelle skikarusellen. Trim/aspirant har vore ei gruppe med to gjennomførte arrangement. Løparane



som var påmeldt tid har også gjennomført to renn, den eine vart slått saman med Ryfylkemeisterskapen.

- Det har elles vore gjennomført eitt klubbrenn, samt at det har vore deltagarar på Hovdenrennet før jul, Røldalsrennet i romjula og HSG-rennet. To seinorløparar (Ingeborg Kristensen Hoftun og Ingvild Odden) har delteke på nokre få renn på austlandet.
- Etter påsken har den eldste gruppa hatt nokre få, sporadiske treningar. Håpar å koma i gang med rulleskitrening att no i vår for dei yngste fram til sommarferien.
- Kunstsnoanlegget: Planen for komande sommar og haust er å gjennomføra siste rest på trinn 1 i planen (dei resterande 200 meterane ut til høgtalarbakken forbi 2kilometeren). Har elles eit mål om å få med fleire sponsorar til anlegget.
- Skigruppa har no i nytt år fått med seg eitt ekstra medlem i gruppa. Det er godt med tanke på aktivitetsmengda. Gruppa skal konstituera seg i neste møte.
- Det vart i januar søkt om sti- og løypemidler til akebakke v/Gratishaugen i lysløypa. Det er ikkje kome tilbakemelding på søknad endå.
- Etterskrift: Det er tildelt 30 000,- frå Suldal Kommune til opparbeiding av akebakke.

#### Sak 08/21      **Orientering frå trim v/Sveinung Steine**

- Gruppa skal no i gang med rydding av den andre stien opp til Vinjanuten frå Gunntveitåsen.
- Idrettslaget stiller med dugnadsfolk til Nutfant24 arrangementet i august. Her har gruppa fått på plass dei 4 førespurte mannskapa.
- Arbeidet med grunneigaravtalane for stinett er under arbeid.

#### Sak 09/21      **Orientering frå økonomigruppa v/Venke Olene Vaarvik**

- Har vore lite aktivitet i gruppa grunna restriksjonane med korona. Ein avventar melding om klarsignal for kiosksal i gjenopninga.
- Skal gjere eit arbeid med å innhenta sponsormidlar til Jubileumsboka. Helen tek kontakt med gruppa med detaljar for arbeidet.

#### Sak 10/21      **Jubileumsbok**

- Helen kontaktar Siri Førland vedk. forslag til framsidebilete og galleri. Legg også ut ev.førespurnad til medlem i idrettslaget om nokon sitt på nokon gyldne augneblinkar frå tidlegare tider.
- Økonomigruppa har fått i oppdrag med økonomiske bidrag til boka.
- Hovudstyret tek avgjersla på kva bidragsytarane av boka skal få. Det same gjeld annonsekostnadar m.m. i boka/sponsormidlar.

#### Sak 11/21      **Nutfant 24 og Gulling Opp**

- Trimgruppa har ordna med 4 stk. medhjelparar til Gulling Opp. Idrettslaget har også fått førespurnad om lån og hjelp til startnummer. Kristine har sendt tilbod og ventar på svar om dette er aktuelt.



**Sak 12/21      Sti Prestavika**

- Øyvind har vore på synfaring med Arne Brustveit på kor ein bør legga sti. Resultatet er at ein anbefalar at ein legg stien der den ligg i dag. Øyvind tek jobben vidare vedk. stolpar m.m. som trengs for arbeidet, samt plan for utføring.

**Sak 13/21      Tildelte midlar frå Sparebanken Vest**

- Suldal Idrettslag har motteke Kr. 50 000,- frå koronafondet til Sparebanken Vest for tapte inntekter i sesongen 2020/2021.
- Idrettslaget fekk i tillegg tildelt Kr. 38 000,- for arbeidet med lågterskeltilbodet Allidretts-SFO. Midla vil bli brukt til utstyr. Tusen takk til Sparebanken Vest for verdifulle kronebeløp til laget!

**Sak 14/21      Søknad og avtalar**

- Helen har søkt kulturmidlar frå Suldal Kommune.
- Avtalen når det gjeld vask av Gullinghuset skal reviderast. Her må ein også ta omsyn til toalettbygg i ny avtale. Helen tek dette vidare med Suldal Kommune.
- Det er sendt førespurnad til Suldal Kommune v/Vinjar skule vedk. auka bruk av foajeen, då me ikkje har eige klubbhus. Kristine sjekkar status og tek dette med noverande einingsleiari v/Vinjar skule. Styret må ev. i etterkant ta stilling til budsjettmidlar for oppgradering av inventar og utstyr til lokalet.

Kristine Bøe Berge  
Skrivar